



Referat

Underutval for pleie- og omsorg Voss lokalsjukehusområde

Dato og tidspunkt:	<i>Dato og tidspunkt for møte</i> 10.05.22 kl. 10-11.30
Møtestad:	<i>Kvar er møtet lokalisert?</i> Teamsmøte
Møteleiar:	<i>Kven er ansvarleg møteleiar?</i> Madeleine Braastad Skjelde
Til stade:	Madeleine Braastad Skjelde, Voss sjukehus, Sissel Marie Finne, Medisinsk sengepost Voss sjukehus, Ruth Veen Tveito, Kirurgisk/ ortopedisk sengepost Voss sjukehus, Margunn Læg Reid ,Eidfjord, Sigrunn Stamnes Vik, Vaksdal, Elfrid Oma, Kvam
Fråfall utan vara:	Tove Iren Vedå ,Voss, Siw-Marlene Bolstad, Ulvik
Referent:	Elfrid Oma

Nr.	Saksliste	Sakstype <i>(Vedtak Drøfting Orientering)</i>	Vedlegg
07/22	Godkjenning av innkalling og saksliste Samrøystes vedtak: Underutvalet for pleie og omsorg godkjenner innkalling og saksliste.	V	
08/22	Godkjenning av referat frå møte i underutvalet den 2.desember 2015 Samrøystes vedtak: Underutvalet for pleie og omsorg godkjenner referatet frå møte 08.02.2022.	V	
09/22	Samarbeid og samhandling Kveldsundervisning ved Voss sjukehus er ikkje starta opp. Sjukehuset vil prøve å få dette i gang til hausten. Sjukehuset har regien, og kommunane kan melde inn ønsker som sammenfaller med sjukehuset		

	sine behov. Vurdere om undervisning kan gjennomførast på Teams i tillegg.		
	Hospitering er ønskelig å få på plass til hausten. Saken skal tas opp i Samarbeidsrådet. Gjennomføringa må gjerast på ein anna måte enn tidlegare slik at det ikkje blir så mykje å administrera for sjukehuset. Eventuelt kan kommunane ta direkte kontakt med aktuelle avdelingar for avtale.	D	
09/22	<p>Samarbeid/ samhandling om inn- og utskrivning av pasientar mellom kommunane og Voss sjukehus etter avtale.</p> <p>Vaksdal; Litt problem med mottak av utskrivningsklare pasientar. Har teke i bruk dobbelrom og avviklar avlastning på anna måte for ikkje å fylla opp korttidsplassane. Har nokre utskrivningsklare døgn. God dialog med sjukehuset</p> <p>KAD-senger- det vert ikkje sendt melding på e-link. Pasientar kjem utan at det er varsla.</p> <p>Gode pasientforløp- heimesjukepleien må bli flinkare til å beskriva pasienten sin normale tilstand i tillegg til årsak for innleggelse.</p> <p>Eidfjord; Spør kor sjukehuset/ legane i akuttmottaket hentar pasienten si medisinliste. Ved innleggelse er det kommunen si medisinliste som er aktuell. Her er det fare for feilkilder. Kan dette rettast opp under legevisitt?</p> <p>Vaksdal; Melder om avvik der pasienten vart køyrd heim og ikkje til korttidsopphald i kommunen. Årsak var feil adresse på bestillinga og avviket er sendt leiar for kontortenesta. Pårørande varsla heldigvis, slik at dette gjekk bra.</p> <p>Kvam; God kapasitet på mottak og god dialog med sjukehuset.</p>	D/O	
10/22	<p>Aktuelle driftsendringar i kommunane/ sjukehuset som kan få konsekvensar for samhandlinga Voss sjukehus:</p> <p>Vaksdal; Nytt bygg, omsorg + skal stå ferdig i 2023. Politisk sak om struktur vidare- kva Dalatunet skal brukast til.</p> <p>Sigrun Stamnes Vik blir ute ei tid framover, usikkert kven som møter i underutvalet til hausten.</p> <p>Eidfjord; Ingen endring i drift. God kapasitet på plassar. Samarbeider med Ulvik.</p> <p>Kvam; Ny omsorgsbustad for heildøgns omsorg er under bygging i Strandebarm. Blir ferdig våren 2023. Kvam har god kapasitet på senger.</p>		

	<p>Voss sjukehus; dei to kirurgiske sengepostane i 4.et. er slått saman til ein kirurgisk/ ortopedisk sengepost med 27 senger. All overvåking er no samla under Intensiv avdeling.</p> <p>Konseptval Nye Voss sjukehus skal levere rapport til styret i Helse Bergen i løpet av sommar/ tidlig haust. Det planlegges nybygg og omorganisering av sjukehuset.</p> <p>Avdelingane skal organiserast etter fagområde og det blir større avdelingar enn i dag. Nivå 3 leiar (avd.sjukepleiarar, avd.overlegar og seksjonsleiarar) skal organiserast direkte under direktøren. Det er lyst ut stilling for 2 ass.direktørar.</p> <p>Tillitsvalde og verneombod er med i arbeidet.</p> <p>Sjukehuset vil ha same kapasitet opp mot kommunane.</p> <p>Det blir redusert sengetall i sommar på grunn av redusert elektiv virksomhet. Kirurgisk/ ortopedisk sengepost går frå 27 til 15 senger og Medisinsk sengepost reduserer med 2 senger til 24 senger.</p>		
11/22	<p>Ymse</p> <p>Voss sjukehus; jobber fortsatt med rekruttering av ferievikarar.</p> <p>Vaksdal; Sjukepleiarar frå vikarbyrå i sommar. Ung helse- tek inn unge arbeidstakarar til aktivitet for eldre. Tilsette skal ta fagprøve i helsefag etter å ha opparbeidd seg lang praksis</p> <p>Kvam ; Mangel på sjukepleiarar i sommar. Arbeider med å få på plass sjukepleiarar i team som reiser rundt i kommunen. Kvam har mange lærlingar. Det er lyst ut 2 traineestillingar for sjukepleiarar . Dette blir eit toårig løp med støtte frå mentor og veileidar på arbeidsplassen.</p>		

Tidspunkt for neste møte i underutval for pleie og omsorg vert 13.09.22